

Jardar Myster  
Norafjordvegen 1132  
6859 Slinde



21 APR 2021

Dokumentsenster

17.04.2021

Sjå vedlagde adresseliste

### **HJORTEGJERDET I SAMBAND MED DEN FØRESLEGNE REGULERINGSPLANEN FOR 81/10, 75 OG 96, NORNESHAUGANE VEST**

Bed om at eksisterande trase for hjortegjerdet vert oppretthalden i samband med reguleringsplanen som skal vedtakast for 81/10, 75 og 96. Grunneigarane av 81/9, 10, 75 og 96 driftar eksisterande trase av hjortegjerdet i framtida slik dei gjer i dag. Avstanden mellom hjortegjerdet og dei planlagde tomtene på 81/10, 75 og 96 må vere minimum 5 meter, og det må gjerast avtale om dette før reguleringsplanen vert vedteken. Det er totalt urealistisk at tomtekjøparane på vil drifte hjortegjerdet i utkanten av tomtene på ein god måte.

Det er lite klokt av eigarane av 81/10, 75 og 96 å ikkje gjere avtale med grunneigarane av 81/ 4, 9 og 14 om hjortegjerdet før reguleringsplanen vert vedteken. Det kjem til å verte mange misnøgde grunneigarar og tomtekjøparar med dette opplegget til kommunen som eigar av 81/75 og eigaren av 81/10 og 96 legg opptil. Det er ikkje aktuelt å flytte hjortegjerdet med den føreslegne reguleringsplanen vest og sør på 81/4 og 14, for at underteikna skal halde friområde til dei komande tomtekjøparane.

A handwritten signature in blue ink that reads "J. Myster".

Jardar Myster